

## Protokoll Regionrådet Nordhordland – fredag 5. juni

**Møte:** 3-2020  
**Tid:** Fredag 5. juni kl. 10:30 - 15:30  
**Stad:** Alver hotel

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Karstein Totland (Masfjorden), Sara Sekkingstad (Alver), Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Lars Fjeldstad (Osterøy), Kjetil Eikefet (Modalen)
<b>Rådmenn:</b>	Ørjan Raknes Forthun (Alver), Liv Løvik (Austrheim), Gjermund Hagesæter (Fedje), Reidun Halland (Gulen), Svein Helge Hofslundsengen (Masfjorden), Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen), Ingvild Hjelmtveit (Osterøy)
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss, Håkon Matre (styreleiar)
<b>Andre:</b>	Sak 22/20: Kari Evensen Natland og Jarle Skeidsvoll Sak 26/20: Tonje Husum Aarland og Ove Sæbø Sak 27/20: Anne Hildegunn Færøy og Ove Sæbø
<b>Forfall:</b>	Ingen

Sak 19/20	<b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 20/20	<b>Godkjenning protokoll møte 1-2020 og møte 2-2020</b> Møteprotokoll frå møte 1-2020 og 2-2020 vart godkjent utan merknadar.
Sak 21/20	<p><b>Interkommunal plan for sjøareal Region Nordhordland.</b> Bent Gunnar Næss orienterte om prosjektplanen som var lagt ved og prosessen og arbeidet med den. Rådmannsgruppa hadde i møte 29.05.20 slutta seg til prosjektplanen og tilrådde at Regionrådet gjorde det same og at saka no vart sendt over til kommunane for handsaming. Målet er at kommunane får handsama saka på første kommunestyremøte hausten 2020.</p> <p>Det vart i møte også understreka at det er heilt avgjerande for arbeidet og prosessen at dette har god lokal forankring i den enkelte kommune.</p> <p><b>Vedtak i rådmannsutvalet 29.05.20 – sak 14/20</b> Rådmannsutvalet stiller seg bak dette forslaget til kommunestyrevedtak:</p> <p>Rådmannen rår kommunestyret å bli med i den interkommunale planen for sjøareal og velje medlem med vara til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU).</p> <p><i>Rådmannen si tilråding til kommunestyret:</i></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. NN kommune vedtar å slutte seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert xx.06.2020.</li> <li>2. Planmynde vert delegert i henhold til plan- og bygningslova §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen frem til politisk behandling i kommunestyret i NN kommune.</li> </ol>

	<p>3. <i>NN kommunestyre vedtar at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.</i></p> <p>4. <i>NN kommune vel xx til medlem med xx som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.</i></p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet stiller seg bak forprosjektet og vidare plan. Regionrådet rår kommunestyra til å bli med i den interkommunale planen for sjøareal og velja medlem med vara til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU).</p> <p>Regionrådet stiller seg bak dette forslaget til kommunestyrevedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. NN kommune vedtar å slutta seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som beskrive i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.</li> <li>2. Planmynde vert delegert i henhold til plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil då ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføre planprosessen fram til politisk behandling i kommunestyret i NN kommune.</li> <li>3. NN kommunestyre vedtar at IKPU består av ein representant med vara frå kvar medverkande kommune.</li> <li>4. NN kommune vel xx til medlem med xx som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.</li> </ol>
Sak 22/20	<p><b>Nordhordland Unesco Biosfære – høyring strategiplan og økonomi</b></p> <p>Kari Evensen Natland og Jarle Skeidsvoll orienterte om status for arbeidet med strategiplan for Nordhordland Unesco biosfæreområde og økonomien ein har til rådighet for å jobba med dette området framover.</p> <p>Det vart mellom anna peika på følgjande i orienteringa og i dialogen med Regionrådet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ I utgangspunktet har ein sett føre seg at biosfære bør ha eit budsjett på 3,1 mill. kr med 3 årsverk. Den finansieringa er ikkje på plass og kommunane vart utfordra på om dei kunne bidra med meir slik at aktiviteten i prosjektet kan haldast oppe samstundes som det vert jobba med ekstern finansiering. Kommunane bør sjå på om det er rom for auke i budsjettet for 2021.</li> <li>▪ Eksterne moglege økonomiske bidragsytarar som det vert jobba med: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Å få til ein strategisk samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune som også inneheldt økonomi. Det vert også fortløpande vurdert søknadar på prosjektmidlar hos fylkeskommunen. For å nå i desse, er ein imidlertid avhengig av å treffa ulike kriterier, og uansett er desse midlane til konkrete prosjekt og ikkje til grunnfinansiering.</li> <li>○ Sparebank Vest og fond der</li> <li>○ Det er søkt om skjønnsmidlar frå fylkesmannen, men dette vil uansett ikkje vera fast årleg støtte</li> <li>○ Næringslivet, men her må ein klara å konkretisera kva nytte næringslivet kan ha av biosfære før det evt. er realistisk å få midlar der i frå</li> <li>○ Statleg finansiering - årleg støtte via statsbudsjettet eller ein årleg fast bevilging frå departementet</li> </ul> </li> <li>▪ I Alver kommune vil alle politiske utval få strategiplanen til handsaming og det vil koma ein uttale frå Alver etter kommunestyret 25. juni.</li> <li>▪ Biosfærebegrepet er blitt meir konkret, men det må fortsatt jobbast meir med å gjera det forståeleg for folk flest. De må vera eit mål at alle innbyggjarane må vita at ein bur i eit biosfæreområde og kva det betyr. Nordhordland Unesco biosfæreområde må forankrast betre i heile Nordhordland. Det har vore kontakt med Statens vegvesen med tanke på å få til skilt som viser at ein køyrer inn i eit biosfæreområde.</li> <li>▪ Det vart tatt opp korleis næringslivet kan ha nytte av biosfæreområdet. Her føregår det gode dialogar både med næringslaget, og t.d. verksemdar innanfor reiseliv. Konkret resultat er bl.a. Visit Bergen og arbeidet med Ullruta</li> <li>▪ Det var stilt spørsmål om akvakulturnæringa kan vera ein konkret samarbeidspartner?</li> <li>▪ Nordhordland Unesco biosfæreområde ser til andre biosfæreområde for å få tips til korleis ein skal</li> </ul>

	<p>innretta arbeidet vidare. Det er no søkt om eit konkret EU-prosjekt med eit biosfæreområde i Portugal.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 23/20	<p><b>Utviklingsplan for Vestland – Regional planstrategi – høyring</b> Vestland fylkeskommune har «Utviklingsplan for Vestland» på høyring med frist 28. juni. Det vart orientert om prosessen som har vore fram til no, og korleis ein tenkjer vidare. Regionrådet var einige om at ein gir uttale. Dagleg leiar sender ut e-post til kommunane og ber om innspel til planen.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tar orienteringa til vitande og vedtar at det er ønskeleg at regionen gir tilbakemelding på høyringa.</p>
Sak 24/20	<p><b>Ringveg øst. Status arbeidet med kommunedelplan Arna-Vågsbotn-Klauvaneset</b> Det vart orientert om status for arbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Det var nyleg møte i referansegruppa, Karstein Totland og Rune Heradstveit er medlemmer der. Møtet vart gjennomført på teams.</li> <li>▪ Arbeidet med kommunedelplanen er foreløpig i rute. Ulike alternativ for traserar vart lagt fram.</li> <li>▪ Bergen ønskjer eit felt regulert til kollektivtilbod. Dette har Vegdirektorat avvist som ei løysing.</li> <li>▪ Ulike alternativ til trasear er presentert. Det vert planlagt med 4-felts hovudveg –«H3» då trafikkmengde ÅDT er over 12 000 pbe. Dette krev tunneler/sikkerheit - to tubar. Vegen har funksjon som E39 (ferjefri hovudveg), og i utgangspunktet er då krav til fartsgrense 110 km/t. Lågare fart krev fråvik.</li> <li>▪ Resultat av fråvikssøknad til Vegdirektoratet er gjennomgåande dimensjonering for fartsgrense på 100 km/t, og vegbredde 23 meter i kommunedelplan (KDP). Denne kan bli redusert i neste planfase. Spørsmål om særskilt feltbruk mellom Vågsbotn og Klauvaneset skal handsamast som ein skiltsak etter Veglova når anlegget vert tatt i bruk. Det er ikkje aktuelt i neste planfase å regulera dette til særskilte felt etter Plan- og bygningslova. Dette skal i såfall handsamast etter Veglova når anlegget vert bygd / opna. Særskilt feltbruk påverkar ikkje fysisk utforming av veganlegget.</li> <li>▪ Ein er avhengig av ein godkjent KDP for å kunne koma med i NTP. Det er sjølvstøtt frå Regionrådet svært viktig at prosjektet kjem med i NTP.</li> <li>▪ Finansiering av prosjektet kan bli utfordrande</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tok orienteringa til vitande og ser det som svært viktig at dette prosjektet kjem med i NTP.</p>
Sak 25/20	<p><b>Høyringsframlegg Planprogram RTP 2022 – 2033</b> Vestland fylkeskommune har meldt oppstart på arbeidet med utforming av Regional transportplan for Vestland. Planprogrammet til Regional transportplan 2022 – 2033 Vestland fylke er no lagt ut på høyring i samsvar med plan- og bygningslova (PBL) kap. 8, og etter vedtak i fylkesutvalet i Vestland PS 105/2020 den 28.05.2020. Planprogrammet skisserer formålet med planen, organisering, utfordringsbilde og utgreiingsbehov. Høyringsfristen er frist 14.juli 2020.</p> <p>Saka vart drøfta og ein var samde om at det kan takast utgangspunkt i uttalen som vart gitt i 2017. Dagleg leiar påpeika at det er rammeprogrammet som er på høyring, og at det ikkje no er tida for å vera opptatt med konkrete prosjekt m.v. Dagleg leiar får med seg ei arbeidsgruppe bestående av Lars Fjeldstad, Per Lerøy og Sara Sekkingstad som arbeidar fram ein uttale.</p> <p><b>Vedtak:</b> Regionrådet tok orienteringa til vitande og arbeidsgruppa får fullmakt til å utarbeida ein uttale på vegne av regionen.</p>
Sak 26/20	<p><b>Psykologprosjektet – rapport, status, vegen vidare</b> Tonje Husum Aarland og Ove Sæbø orienterte om prosjektet. (presentasjon vedlagt). Prosjektet vart satt i gong av Regionrådet i sak 52/18: «Regionrådet er positive til initiativet og ber om at alle kommunane i Region Nordhordland blir tatt med i</p>

	<p><i>det vidare arbeid. Regionrådet sluttar seg til oppstart av forprosjekt slik det er presentert, og at det vert søkt om midlar til utprøving av modell for rekruttering av psykologar til kommunane. Regionrådet ber Utval for helse og omsorg følgje opp saka og setja ned ei styrings- og arbeidsgruppe for prosjektet.»</i></p> <p>Rapporten er handsama av kommunalsjefsgruppa for helse 21.02.2020.          Dei gjorde følgjande vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Utarbeide samarbeidsmodell om organisering og avtalar mellom kommunane – og Helse Bergen. Dele dette i randkommunane og Alver kommune.</li> <li>2. Utarbeide forpliktande avtalar</li> <li>3. Gjennomføre heilskapleg vurdering av kompetansebehov og funksjonar</li> <li>4. Bør setje av ressursar til vidare planlegging av hovudprosjekt på 6 år (1 + 5)</li> <li>5. Evaluere hovudprosjekt og tiltak undervegs</li> <li>6. Vurdere behovet for felles koordinerande funksjon – og kva oppdrag som ligg i dette             <ul style="list-style-type: none"> <li>- Undersøkje moglegheit for samarbeidsavtale om PHD-stilling og knyta til seg forskingsmiljø og evt. eksterne midlar.</li> </ul> </li> </ol> <p>Regionrådet slutta seg til desse konklusjonane og ser behovet for eit formalisert samarbeid. Det vart også gjort greie for Alver kommune sin konklusjon om at dei allereie har tilsett psykologar og ønskjer å behalde den organiseringa, men er positive til eit samarbeid i regionen og ein felles avtale med HB.</p> <p>Regionrådet ser det som viktig at kommunane (minus Alver) må få på plass ein avtale om korleis samarbeidet skal organiserast. Det vil gi eit grunnlag for å kunne ha ein felles avtale for regionen med HB.</p> <p>Hesledirektoratet har allereie løyvd 100 000 til arbeidet, og der er søkt om skjønnsmidlar frå fylkesmannen.</p> <p><b>Vedtak:</b>          Regionrådet er positive til arbeidet og vurderingane som kjem fram av prosjektrapporten og sluttar seg til styringsgruppa sitt vedtak om vidare arbeid i prosjektet. Samarbeidsmodellen må få ein tydeleg organisering som kommunane er samde om.</p>
Sak 27/20	<p><b>Orientering om arbeidet / oppstart med revisjon av interkommunal plan for helse og omsorg</b>          Ove Sæbø og Kim Andre Vangberg orienterte som representantar frå kommunalsjefsgruppa helse og omsorg om arbeidet som er starta med revisjon av interkommunal plan for helse og omsorg. Planen med tilhøyrande handlingsplanar har vore gode styringsdokument i tida frå 2014 og fram til i dag. Det har vore gjennomført årlege gjennomgangar av tilhøyrande handlingsplan, fylgt opp tiltak som er vedteke og oppdatert denne i tråd med initiativ som er tatt når det gjeld samarbeid innan dei innsatsområda som er prioritert i strategidokumentet. For å sikra eit meir framtidretta og dynamisk styringsdokument for det interkommunale samarbeidet innan helse og omsorgstenesta har kommunalsjefgruppa vurdert det som naudsynt å gjennomføre ein systematisk gjennomgang og ein revisjon av den interkommunale planen.</p> <p>Rådmannsutvalet har vedtatt at planen vert revidert, og at kommunalsjefgruppa for helse og omsorg får oppdraget med å gjennomføre revisjonen. Vidare at områda føremål, prinsipp, forankring og involvering, samt prioriterte innsatsområde særleg vert vurdert. Revisjonsarbeidet skal fylgja vedtatt framdriftsplan for å sikra naudsynt involvering og forankring undervegs i arbeidet.</p> <p>Det er sett ned ei mindre arbeidsgruppe som har starta revisjonsarbeidet. Gruppa er leia av Kim Andre Vangberg, helse og omsorgssjef i Fedje kommune.</p> <p>Revidert plan vert presentert for politisk handsaming vår 2021. Når revidert plan er vedteken, skal det utarbeidast ein tilhøyrande handlingsplan med konkretisering av prioriterte tiltak for dei ulike innsatsområda.</p> <p><b>Vedtak:</b>          Regionrådet tok orienteringa til vitande.</p>
Sak 28/20	<p><b>Diverse info NUI</b>          Sjå under eventuelt.</p>

**Meldingar og eventuelt****Status U-864**

Per Lerøy, Karstein Totland, Stian Herøy og dagleg leiar utgjer eit utval som jobbar med saka. Det føreligg eit utkast til kva som trengs som grunnlag for eit anbod for heving av ubåten. Det er lagt opp til same modell som ein nyttar i Nordsjøen i undervassoperasjonar. Desse operasjonane kan vera minst like kompliserte som å heva U-864. Utreiinga vil koste litt over 3 mill. kr, og ein har bedt om at samferdsledepartementet dekkjer kostnaden.

Som Regionrådet er kjent med, vart brev om saka sendt til statsministar og samferdsleminister 14. mai. Dette er ikkje besvart, og dagleg leiar vil senda purring. Det er også varsla at saka kjem opp som ein interpellasjon i fylkestinget.

**Vedtak:**

Regionrådet presiserer nok ein gong at dette er ei særdeles viktig sak for heile regionen. Regionrådet ber utvalet jobba vidare med saka.

**Kraftsituasjonen i Nordhordland**

Karstein Totland orienterte om status i saka og til møte som er halde med BKK og Statnett. Regionrådet, fylkeskommunen og Nordhordland næringslag jobbar godt saman om dette.

Behovet framover for straum er mykje større enn det som i dag kan distribuerast fram, og «etterspørsel» kom mykje raskare enn det Statnett / BKK nett hadde forventa. Det er mogeleg å gjera nokre kortsiktige tiltak som vil hjelpa litt som oppgradering av trafostasjonar, men det må også nye investeringar til. Dette er investeringar og planar som tar opp i mot 10 år å få på plass. Det er svært viktig at det kjem på plass ein tidsplan som seier noko om kva og kor tid ting kan gjerast. Det vil vera avgjerande for nye satsingar frå næringslivet i Regionen. Elektrifiseringa av oljeplattformer i Nordsjøen kan bli til hinder for det grønne skiftet på land.

Det er eit nytt møte med Statnett og BKK nett 23. juni der problemstillingane skal drøftast vidare. Etter dette vil arbeidsgruppa som er nedsett i region saman med fylkeskommunen vurdera vegen vidare.

**Ny selskapsavtale + eventuell utviding**

Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit viste til at selskapsavtalane (for NUI og RNHI) må reviderast sidan tre kommunar no har blitt til Alver kommune. Det får også konsekvensar for berekning av kontingenten til NUI og kommunane sin finansiering av ulike samarbeidsprosjekt. Samtidig er ein gjort kjent med at Vaksdal kommune vurderer om dei skal søkja medlemskap i Regionrådet Nordhordland. Vaksdal har i fleire år vore med i rådmannsutvalet grunna at Vaksdal er med i IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap.

Styreleiar og dagleg leiar peika også på at ein bør sjå på namnet Nordhordland Utviklingsselskap og vurdera namneendring no når selskapsavtalen likevel må reviderast. Bakgrunn for dette er at namnet som kom i 2012 er blitt opplevd som «tungvint» å forklara. Administrasjonen og styret mfl. må som regel forklara kven ein er; gjerne med å visa til at ein er administrasjonen til Regionrådet. Namnet står heller ikkje veldig godt til logoen. Alternativt kunne det hete Region Nordhordland IKS eller Region Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Begge desse vil passa godt til logo, og i mykje større grad fortelja kven ein er.

Det vart satt ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på selskapsavtalen, finansiering (grunnkontingenten) og namn. Arbeidsgruppa kjem tilbake med forslag til Regionrådet. Gruppa består av Sara Sekkingstad, Stian Herøy, Lars Fjeldstad, Håkon Matre og Rune Heradstveit.

Rådmennene har samstundes eit pågåande arbeid for å sjå på finansieringsmodell av prosjekt/tiltak og finansieringsmodell.

**Vedtak:**

Regionrådet set ned ei arbeidsgruppe som ser på revisjon av selskapsavtalen, finansiering (grunnkontingenten) og namn. Arbeidsgruppa består av Sara Sekkingstad, Stian Herøy, Lars Fjeldstad, Håkon Matre og Rune Heradstveit. Arbeidsgruppa kjem tilbake med forslag til Regionrådet.

**Utdanningsmessa i Nordhordland**

Sara Sekkingstad hadde fått spørsmål frå Danielsen vidaregåande skole om kvifor dei ikkje får delta på messa på lik line med skulane i regionen. Rune Heradstveit viste til tidlegare handsaming av dette spørsmålet i Utval for kultur, omdømme og kunnskap og i Regionrådet der det vart beslutta at private skular m.v. kun får stilla på utdanningsmessa med reklame for fag som ikkje Austrheim og Knarvik vidaregåande skular ikkje har. Dette bl.a. fordi regionen med jamne mellomrom må kjempe for å behalda ulike liner ved desse to skulane.

Sara Sekkingstad repliserte at Alver kommune vil ta det opp til drøfting.

**Vedtak:**

Regionrådet tar saka til vitande, og avventar evt. nye moment.

Knarvik, 25. juni 2020



Karstein Totland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS